



# TIL FORELDRE/FØRESETTE

## Kva er miljødetektivdagen?

Miljødetektivdagen er eit nytt trusopplæringstiltak vi starta opp med i fjor haust.

Tiltaket er for 2. trinn og er på dagtid fredag 17. november.

Opplegget varer heile dagen, og er eit alternativ når skule og SFO er stengd på planleggingsdagen.

Borna skal få høyra om Gud som skapar, og korleis me kan ta vare på jordkloden vår.

## Tidspunkt

Borna kan leverast frå klokka 07:30 fram til vi startar sjølve opplegget klokka 09:00.

Dei borna som ønskjer det, kan ha med matpakke til frukost.

Opplegget varar frå 09:00-15:30

Klokka 15:30 inviterer vi alle foreldra til avslutningssamling kor me fortel og visar litt av kva me har gjort i løpet av dagen.

## Dette skjer

Fram til klokka 09:00 legg vi opp til frileik og litt ulikt å pusla med fram til alle er komne.

Klokka 09:00 skal vi ha ei fellessamling før vi skal laga noko fint av ting som elles hadde blitt kasta.

Etterpå skal dei ut på tur til Krosshaug, før vi avslutter med ein samling om miljøvern. Vi legg også opp til «friminutt» med frileik innimellom. Dessutan skal vi øva på det vi skal visa på slutten av dagen når de som foreldre kjem.

## Pris

Det kostar 50 kroner per barn, dette betales ved levering. Enten med kontantar eller vipps.

## Pakkeliste

Matpakke til tur + eventuell matpakke til frukost.

Klede til å gå på tur i - kle barnet etter veret, vi skal vere ute i cirka to timar.

Ryggsekk

Sittjeunderlag

Sokke- og bukseskiift.

## Kan du bidra?

Om du har moglegheit til å bidra under hobbyaktivitetene (09:30-11:30)

eller når vi skal på tur (11:00-14:00), så ber vi deg kryssa av på dette når du melder på.

Under desse delane av dagen er det godt å ha mange hender og føtter som kan bidra.

Viss du har anledning til å baka bollar så ville det og vært flott, kryss isåfall av på under påmeldinga.

## Påmelding

[www.kleppkyrkje.no](http://www.kleppkyrkje.no) innan mandag 13. november

## Lurer du på noko?

Ta kontakt med barne- og familieprest Leif Inge Norland Brekke

51789552 / [leif.inge.brekke@klepp-kirken.no](mailto:leif.inge.brekke@klepp-kirken.no)